

Djuptloddande om NS-born



Liv, Eystein og Egil Eggen fotografert på Gimle våren 1944.

Korleis var det å vere barn av leiande NS-foreldre etter krigen? Vanskeleg, har vi etter kvart fått vite gjennom spreidde vitnemål i intervju- og bokform.

Eystein Eggens «Gutten fra Gimle» er også eit slikt vitnemål, men han gjer mykje meir enn å fortelje om ein vond barndom. Ei meir avklara, intens og gripande skildring av eit NS-barns oppvekst har vi ikkje sett i bokform før.

Eystein Eggen vart fødd i januar 1944 på Gimle, som var Vidkun Quislings stor-slåtte hovudkvarter på Bygdøy ved Oslo. Mora Liv Eggen var medarbeider i tidsskriftet «Heim og ætt», redigert av Olga Bjoner, som også var leiar for NS-kvinnene. Ved årsskiftet 1942/43 gifte ho seg med Egil Eggen som arbeidde ved Waffen SS og var redaktør av det ideologiske propagandaskriftet «Germansk Budstikke».

Vesle Eystein vart påsett i optimismen etter at tyskarane hadde teke Kharkov i Ukraina for andre gong i mars 1943. Då han kom til verda var alt den tyske overmakta i ferd med å smuldre. Blant hans første barnomsminne er lysa frå dei høge vindauga på Gimle og gjenlyden av kampsongar av typen «Ahoahoi, ahoahoi, det er det norske SS-skikompani».

Nederlaget kom med frigjeringa og vart følgt av det audmjukande landssvik-



Forfattaren Eystein Eggen har levert bokhaustens mest spennande biografi.

oppgeret. Avrettinga av Quisling etter krigen kjendest som ho sjølv var skoten, sa Liv Eggen. Sjølv eit barn kunne merke kulden og forakten frå det norske samfunnet. I 1949 – fem år gammal – er vesle Eystein Eggen medviten om at smilet til mora har blitt lenger borte for han. To år seinare blir ho sinnsjuk innlagt på sjukehus. Den alkoholisererte faren blir meir og meir livsdugeleg og ser etter kvart ut som si eiga dødsmaske, fortel han.

Eystein Eggens skriv sitt liv slik han hugsar det år for år frå fødselen og fram til 1984. Det er ikkje ei historie om mobbing, om tvangs-

klipping av tyskvennlege jenter og yrkesforbod. Dette er ei bok som nærgående, ærleg og intenst prøver å forstå og forklare kva som gjekk føre seg inne i hovud og hjarte til dei som historia gjorde til landssvikarar. Og ikkje minst – ei bok om lag-nadsfellesskapen som born alltid vil kjenne med sine foreldre og kampen for å frigjere seg frå skuggane frå fortida.

«På Oslo Katedralskole var vi NS-barn som skygger for hverandre, lik skip som passerer hverandre i natten» skriv Eystein Eggen. Okkupasjonstida var stort sett eit ikkje-tema både blant NS-borna og heime, endå fortida låg som ein mørk skugge over livet deira. Heime vart sjukdommen til mora og alkoholismen til faren berre verre. Julaftan 1963 kasta han dei ut av leiligheita. Med stor kraft og intensitet kastar han seg inn i ein kamp som skal vare storparten av hans vaksne liv. Ein kamp for å forstå og forklare kva som skjedde med han og menneska rundt hans.

Eystein Eggen fortel om sin eigen lange veg mot ei slags avklaring og forsoning. Han fortel om foreldra som på kvar sitt vis bryt saman under tyngda av nederlaget. Han fortel om andre NS-born og deira hemmelege og ordause fellesskap. Han gjer det med djup psykologisk innsikt, med djup innleving og hardt tilkjempa akademisk distanse.

Arven frå bestefaren har vore ein av knutane. Bestefarens trassige bygdenorske nasjonalisme var av den sorten som kunne ha fostra motstandsvilje og eit glødande hat mot inntrengarane, men som i hans miljø vart norskdomen tyskvennleg og ein norsk variant av den tyske Blut og Boden-ideologien.

«Gutten fra Gimle» er ikkje berre ein uvanleg sjølvbiografi med brei allmenn relevans. Boka blir boren av eit språk som både er poetisk og biletskapande, og skarpt og analyserande. Blant bøkene frå bokhausten 1993 er dette utan tvil av dei som vil bli hugsast lengst.

Kjetil Tandstad

Sammensprok, Arvid 29/12 - 93